



Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 06.10.2015  
Vår ref.: 2015/3055-45  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## Underretting om tildeling av tilskot - Den kulturelle spaserstokken 2015 - Lindås kommune

Vi viser til dykker søknad om tilskot til Den kulturelle spaserstokken.

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, har i møte 01. oktober 2015, sak 155/15, vedteke å tildele **kr 90.000,-** i tilskot til Den kulturelle spaserstokken 2015.

### Grunngjeving

For 2015 er Hordaland fylkeskommune tildelt 3 085 000 kroner frå Den kulturelle spaserstokken 2015. Det kom inn søknadar frå 29 kommunar. Samla er det søkt om kr 4.170.000,-.

I brev frå Kulturdepartementet til alle fylkeskommunane, datert 28.03.2014, står det m.a. at *midlane til kommunane skal fordelast ut frå kvalitative og/eller kvantitative kriterium som kan fastsetjast av den enkelte fylkeskommunen i tråd med overordna formål for ordninga.*

I Hordaland har Kultur- og ressursutvalet for 2015 valt at vurdering av søknader vart basert på ei kvantitativ vurdering (80 % av midlane) og ei kvalitativ vurdering (20 % av midlane). Den kvantitative vurderinga vart basert på 3 kriteria: 1) Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen, 2) Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolking og 3) Areal. 20 % av midlane vart fordelt etter ei skjønsmessig vurdering. Kriteria som vart lagt til grunn for denne vurderinga var følgjande: programinnhald, nyskaping, utvikling av program, og samarbeid.

Det vert elles vist til vedlagt kopi av saksframlegg og vedtak.

I saksframlegget har fylkesrådmannen gitt kommentarar til innstilling på tilrådd kvalitativ fordeling. Det er viktig å ikkje ta kvar kommentar som ei fyldestgjerande grunngjeving for tilråding, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, søknadssum, samt tildelinga i 2014.

### Utbetaling

#### Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015.

Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune.

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifa om IT-standard i offentleg forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015.

Dette kan gjerast på to måtar:

For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.

For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

*Link til fakturaportal* <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

*Link til brukarrettleiing* <http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarrettleiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2015/3055-45

Ressursnummer: 400005

Beløp: kr 90.000,-

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Vilkår for tilskotet

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnad:

- Midlane skal nyttast innanfor føremålet med Den kulturelle spaserstokken som er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekt for eldre innanfor eit mangfold av sjangrar og uttrykk.
- Midlane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.
- Tiltaka som får støtte skal være gjennomførte innan 31. desember 2016.
- Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering.
- Det skal ikkje ytast tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

### Rapportering

Rapport med rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga innan 1. kvartal 2017.

Rapporten skal gje ei kortfatta skildring av korleis midlane har vore nytta. Det vil verte utarbeidd ein mal for rapportering.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilseigna. Tilskotsmottakar pliktar på førespurnad å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor alle opplysningar/dokument som dei finn naudsynt for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

**Midlar som ikke vert nyttå**

Midlar som ikke vert nyttå innan 31.desember 2016, skal betalast tilbake til fylkeskommunen.

**Brot på vilkåra**

Dersom det ligg føre vesentlege brot på vilkåra kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis.  
Midlane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

Med vennleg helsing

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B. Skaar  
seksjonsleiar/utviklingssjef

Sakshandsamar: Marianne Ose Askvik, Tone Stedal Haugland

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*